



Nesten alle uskedelingane som deltek i fotballskulen i Rosendal samla på eitt brett. Bak står instruktørane og medlemene av støtteapparatet frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er rekord-deltaking med 94 elevar i fotballskulen som blir avvikla måndag, tirsdag og onsdag denne veka i Rosendal for aldersgruppa som er født frå 1995 til 1999.. Likevel er det så mange som 25 frå Uskedalen. På Husnes er det samstundes fotballskule for dei som er født frå 1993 til 1996.**

"Skulesjef" og eldsjel Arvid Nes er svært imponert over rekrutteringa i vår bygd og prisar og dei frå Uskedalen som deltek i støtteapparatet. Ellers kjem Kvinnherad-deltakarane frå Rosendal, Husnes, Varaldsøy og Åkra og det er også nokre som ikkje er frå kommunen.

I instruktørstaben finn ein uskedelingane Rune Nilsen, Ivar Arnesen og Anders Bakke Berntsen. I støtteapparatet er også uskedelingane Kjersti Børve og Klara Bakke, som har ansvaret for fruktforsyningane.

Det er nok ikkje alle av dei yngre som er klar over at Rune er ein tidlegare storspelar som Uskedalen har all grunn til å vera stolt av. Han var i Bryne då dei var i toppdivisjonen, men er nok mest kjend som mangeårig kaptein på Stavanger IF då dei var på topp..Det var ikkje nei i hans munn då Rune på sparket var spurt om å stille opp som instruktør i Rosendal.

Og han kvitterar med å rose organiseringa av fotballskulen, som han tykkjer er svært god og profesjonell..

Nes opplyser til uskedalen.no at dette er tredje året skulen blir arrangert og deltakinga har auka for kvart år, frå 50 i startåret via 80 i fjor til altså 94 dette året.

- Men no er kanskje taket nådd?

- Vi kan ikkje ta fleire på den grasbana vi har. Men neste sommar vil vi ha kunstgrasbane klar der det er grusbane no. Det betyr at vi vil kunne spela fotball i all slags ver og då blir det ikkje problematisk å ta i mot opptil 150 i skulen! Også uskedelingane vil ha god nytte at vi får kunstgrasbane her i Rosendal, held Nes fram.

Dette er elevane frå Uskedalen i Rosendal: Kenneth Stensletten, Martin Hauge, Bjørn Martin Haugland, Jostein Bauge, Bente Halvorsen, Maren Bjørnebøle, Mats Raudstein, Hans Fredrik Zimmer, Stian Myklebust, Kjartan Elias Tungesvik, Emil Bakke Berntsen, Robert Stensletten, Martin Y. Røssland, Harald T. Nilsen, Sondre S. Myklebust, Ingebjørg Haugland, Kari Bråtun, Marte Dagestad, Marit Inga T. Sture, Anne Marte Zimmer. Karoline Isdal Amundsen, Katrine Y. Røssland, Elisabeth Rebaudo, Victoria A. Eik og Susanne Løland Eik.

Første skuledagen var eit spesielt høgdepunkt, for då fekk dei unge elevane besøk av to Brannspelarar som kom luftvegen og som skreiv autografar så knokane kvitna..

Det var Kristjan Ørn Sigurdsson og Armann Bjørnson. Dei gav dei unge ein ekstra kveik men var samstundes ikkje seine om å innrømme for dei at laget deira har slept inn altfor mange mål denne sesongen!

Av Ola Matti Mathisen